



LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENTET
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Åsmund Asper, 71 25 84 07

Innspel til utgreiing om BIONOVA

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser til omtale på nettsida Regjeringen.no, der det er invitert til å kome med innspel til arbeidet med å etablere Bionova. Det er ynskjeleg med konkrete innspel knytt til Bionova sine oppgåver og organisasjonsform.

Nedanfor fylgjer våre innspel:

Kva kjerneoppgåver bør Bionova ha?

Bionova bør bidra til å utvikle samarbeid mellom blå og grøn sektor slik at råstoff og restråstoff kan utnyttast betre og gi reduserte klimagassutslepp i ein sirkulær økonomi. Å knyte saman hav og land i biobaserte sirkulære løysingar er område der Norge både har innovative miljø og klare fortrinn. Med forsterka innsats kan ein her oppnå gode resultat knytt til karbonbinding, og utvikle ny eksport av produkt, teknologi og tenester.

Bidra til å utvikle norske fôrråvarer basert på nye proteinkilder, eksempelvis frå alger, insekt, skog, fiskeri og havbruk.

Vi meiner at kjerneoppgåvene bør vere kunnskapsoppbygging og -formidling, kompetanse til å utvikle støtteordningar for klimatiltak i landbruket, og forvaltning av ordningane. Bruk av klimakalkulatoren og klimarådgeving fører til behov for investeringar og tiltak på gardsnivå. Det er difor behov for støtteordningar som kan utløyse og iverksetjing av klimatiltak på garden.

Kva utfordringar vert ikkje løyst ved dagens verkemiddel?

For å setje fart på klimatiltaka på gardsnivå, bør klimarådgeving basert på Klimakalkulatoren gjerast tilgjengeleg for landbruket. Tilskot som i dag vert løyvd over regionalt miljøprogram til klimarådgeving kan flyttast over til Bionova.



Ordninga med tilskot til drenering kan også inngå som eit klimatiltak. Det bør vurderast om denne ordninga kan bli ein del av verktøykassa til Bionova. Drenering er ofte eit tiltak som vert tilrådd etter klimarådgeving på garden.

Gjødselhandtering og investering i gjødselhandteringsutstyr er nødvendige og kostbare tiltak, med positiv effekt både på agronomi og klima. Det bør gjevast støtte til investeringar og klimatiltak på gardsnivå, med bakgrunn i klimarådgevinga. Bionova kan ha i oppdrag å arbeide fram egna ordningar.

Korleis kan Bionova organiserast for best mogeleg målretting av innsats og størst mogeleg brukarvenlegheit og kostnadseffektivitet?

I lys av tilbakemeldingar frå næringslivet om at virkemiddelapparatet er komplisert, bør Bionova ikkje etablerast som eit nytt organ. Det må tenkast ei dør inn, og Bionova bør koplust til ein aktør som er kjent for søkerane og er tilstade i heile landet. Utfrå dette bør Bionova opprettast som ei eiga avdeling under Innovasjon Norge. Bionova bør vere ein del av Innovasjon Norge for å dra veksar på organisasjon og kompetanse, samt regional tilknytning. Det bør fokuserast på enkel sakshandsaming, slik at terskelen for å kunne bruke Bionova sine virkemiddel ikkje vert for høg.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal meiner vårt fylke er godt rigga for ei eventuell lokalisering av Bionova: Fylket har eit livskraftig jordbruket, havbruk og ei sterkt fiskerinæring. Vi vil og framheve god kompetanse på nye løysingar (biogass, N2 Applied, solceller) og fagmiljø med spesialkompetanse som Nofima, Møreforsking, NIBIO og NORSØK. Fleire aktørar allereie i gang med utgreiing av blå/grønt samarbeid.

Med helsing

Frank Madsøy (e.f.)
direktør Landbruk

Åsmund Asper
Seniorrådgivar/fylkesskogmeister

Dokumentet er elektronisk godkjent